



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## **Møtebok for Meland sokneråd - soknerådssaker**

**Møtedato:** 25.08.2016

**Møtetid:** kl. 18:30

**Møtestad:** Møteplassen

### **Til stade:**

Regine Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Andreas Westermoen, Torbjørn Aamli, Andreas Sagstad Berg, Bent Gunnar Næss, Brigt Roar Skeie.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

### **Meldt forfall:**

Synnøve Kårstad Ryland, Per Audun Heskestad, Anne Kjersti Tveiten Erikstein.

### **Innkalling, saksliste og sist møtebok:**

Innkalling og saksliste vart godkjent. Møtebok frå møte 09.06.16 vart godkjent.

### **Meldingssaker:**

**Sak 000017 Klubb i Knarvik for utviklingshemma.** Meland kyrkjelyd er ønska som samarbeidspart og deltakrarar frå Meland er ønska velkommen til klubben. Det blir mandagskveldar i Knarvik kyrkje, med program, ein gudstenestedel og mat. Det vart formidla kontakt til kontaktpersonar i Meland, men ikkje gjort noko konkret i forhold til medarbeidarar.

### **Sak 000018 Diakoniplan og møte med diakonikonsulenten**

*Diakonikonsulenten ønsker å møte soknerådet for å snakke om diakoniarbeidet vi har, og korleis vi kan få ein diakoniplan på ein berekraftig måte. Framlegg til møtedatoar for dette formålet (saman med Austrheim sokn): 15.11 eller 22.11. Soknerådet ønsker datoën 15.11. Brigt Roar Skeie, Ingunn Reigstad og Torbjørn Aamli tenker å møte for soknerådet. Vi ber også representantar for det diakonale arbeidet om å møte.*

**Sak 000019 Representant i styringsgruppe for besøkstenesta.** Vi ventar på kva svar Per Audun Heskestad får frå den personen han skulle spørje.

### **Sak 000020 Anne Marit Fosse Dahle har sagt opp stillinga**

*Vi har henta inn Eva Kristin Dale Wessman som vikar, men skal lyse ut den faste barnearbeidarstillinga snarast.*

**Ny meldingssak: Felix og finansiering.** Dirigentløn frå kortkurs gjennom folkehøgskulen er vanskeleg no, og styret må finne ein ny modell innan neste soknerådsmøte. I mellomtida (fram til haustferien) betaler soknerådet timelønn for dirigenten.

**Ny meldingssak: Yngres på Frekhaug manglar leiarar.** Spesielt ein til å organisere.

Siste delen av kvelden vart brukt til matøkt, quiz og retrospektiv evaluering av arbeidet i soknerådet.



## Sak 010/16 Evaluering av konfirmantleir, mandat til forsøksarbeid

### Framlegg til vedtak

Barne- og ungdomsutvalet får mandat til å vurdere det eksisterande konfirmantarbeidet, spesielt undervisningsleiren, og gjøre forsøk med nytt opplegg det komande året, viss det viser seg nødvendig. Det bør orienterast kontinuerleg til soknerådet om prosessen. Barne-og ungdomsutvalet må kome med framlegg til ny konfirmantplan til vedtak i soknerådet før neste konfirmantår.

### Møtehandsaming

#### Vedtak

Barne- og ungdomsutvalet får mandat til å vurdere det eksisterande konfirmantarbeidet, spesielt undervisningsleiren, og gjøre forsøk med nytt opplegg det komande året, viss det viser seg nødvendig. Det bør orienterast kontinuerleg til soknerådet om prosessen. Barne-og ungdomsutvalet må kome med framlegg til ny konfirmantplan til vedtak i soknerådet før neste konfirmantår.

Samrøystes vedtak.

For Meland sokneråd - soknerådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug  
Kyrkjeverje